



Anja Gisholt ser fram mot ein haust med skikkeleg ruskever. Då får ho kanskje også seld sangparakittparet på biletet.. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Då Anja Gisholt (36) starta dyrebutikk i det tidlegare samyrkelagsbygget i Uskedalen for snart to år sidan, var det hennar barndomsdraum som vart til verkelegheit. Men draumebutikken har hatt ein tøff sommar, innrømmer Anja. No ynskjer ho seg vanleg, ruskete septembeer. Då plar kundane å komma også til dyrebutikkane.**

Anja er opprinneleg frå Skien, men har bodd 10 år i Sauherad. I heile si yrkesaktive tid har ho seld noko og har vore innom fleire bransjar. Men sidan ho var liten har ho bore på ein draum om å starta dyrebutikk. Og då ho vart samboar med Rikard Haugland frå Uskedalen og flytta til bygda vår i 2003, kunne draumen bli til verkelegheit. Det vil seia – den er ikkje heilt i mål enno, den har eit byggjesteg til: Paret har planar om å starta kennel på garden på Haugland, som Rikard no har teke over.

- Men hadde det ikkje vore fornuftigare å starta dyrebutikken til dømes på Husnes?
- Slett ikkje, det hadde rett og slett ikkje vore mogleg for meg å betala den leigesummen som dei ville ha der ute. Den var åtte gonger så stor som det eg betalar her!
- Kvifor har denne sommaren vore særleg hard?
- Det er fleire grunnar. Forvekslingar med den tidlegare dyrebutikken og dyreklinikken har slege negativt ut for oss.

La meg ellers presisera at eg aldri har venta å bli rik på å driva ein dyrebutikk i Uskedalen, men fram til sommaren klara eg målsettinga: Å få det til å gå rundt. Men den fine sommaren verka svært negativt inn på trafikken sjøl om eg selde ein del kaninar. Dei er ein god sommarartikkel.

Det tek tid å kravla seg opp att. No ligg eg etter med alt, men leverandørane har full forståing for at eg har problem, som andre dyrebutikker. Dei veit og at hausten og vinteren er den tradisjonelt beste salstida, då vil folk ha akvarium og fisk. Difor voner eg på betre salg etterkvart, viss veret blir dårlegare....

Eg har også gode forhåpningar om ein lyft fordi eg har meldt meg inn i ZOO-1, ei kjede som sikrar gode leverandøravtalar og tilbod, fagleg rettleiing og effektive marknadstiltak.

- Kva med import av eksotiske dyr, vi veit at det ligg ei skildpadde her borte.
- Det blir sjølv sagt ikkje aktuelt med slik import, eg må halda meg til dei strenge regler som gjeld. Skildpadda har eg fått av ein kunde som ikkje ville ha ho meir. Men eg måtte ha løyve frå det lokale mattilsynet for å behalda ho og har ikkje lov til å selja ho!

Eg får alle dyra frå den største importøren i Norden, som har basen sin i Sverige.

**Av Ola Matti Mathisen**



Her er det einaste innslaget som kan kallast eksotisk i Haugland Dyresenter: Skildpadda har ho fått av ei kunde, men får ikkje lov til å selja ho. Ho er ein rødøret terapin.(Foto:Ola Matti Mathisen).